





1. Dette har hendt: Under leiing av den vonde diktatoren Dr. Panga vil jordbuarane prøve å leggje under seg heile universet. No går dei til åtak på planeten Mars, der vi også finn Knut Berg og venene hans. Knut Berg vil vere med og hjelpe marsbuarane mot troppane til Dr. Panga.




2. Men overmakta er for stor. Derfor vil Knut Berg dra tilbake til Jorda, for å prøve å gå beint laus på den vonde diktatoren derifrå. Dessutan kan vel ikkje alle jordbuarar vere like krigslystne som Dr. Panga? Kanskje kan han her finne folk som gjerne vil gjere opprør mot diktatoren?



3. Saman med prinsesse Aima og Max greier Knut å lure den brutale invasjonsstyrken. På ei søyle av eld kjem dei seg unna planeten Mars.




4. Brått tek romskipet til å riste og skake, som om det har kome inn i ein kosmisk storm – og alle om bord svimar av.



5. Det heile varer berre i nokre få sekund. Men når dei kjem til seg sjølve att, har alle instrumenta gått fullstendig over styr – og mange har slått seg heilt av. – Det der var ingen vanleg storm, seier prinsesse Aima undrande. – Det er eg mest heilt sikker på.



1. Og ho har meir rett enn det ho veit om. For stormen opna ei rift i både tid og rom omkring skipet – og slengde dei ut av den vanlege plassen i multiuniverset og inn i i ein heilt annan røyndom – ein røyndom som rett nok er til å kjenne att, men som likevel er ein heilt annan enn den dei reiste frå.



2. Enno er dei uvitande om dette. Og først og fremst gleder dei seg over at skipet framleis er på rett kurs, trass i all uro og farar. Under seg ser dei Jorda vekse fram. – Merkeleg, seier Knut. – Verkar ikkje som nokon har oppdaga oss. Det er iallfall ingen som kallar oss opp. Og eg som har førebudd meg på ei heil lita lekse!




3. – Kanskje Dr. Panga og folka hans ikkje ventar noko besøk akkurat no, seier Max. – Dei er altfor opptekne med å slåst mot marsbuarane. Og dei trur at ingen kan truge dei på heimebane!



4. – Likevel gjeld det å vere forsiktige, seier Knut. – Så vi prøver å lande ein stad i nord – langt unna folkeskikken. Eg trur eg veit om akkurat den rette plassen. Klar for manuell styring av skipet! Spenn dykk fast! seier Knut. – Gjer klar for landing!

5. Under dei stig Andøya fram.



DET BLIR STORT OPPSTYR NÅR SKIPET LANDAR PÅ DEN STORE ROMBASEN PÅ ANDØYA I NORD-NOREG



© 2007 FONNA forlag | Script: Bing & Bringsværd | Art: Knut Westad